



Foto: Dvergålegras i Bergsevjo i Strandebarm, Kvam herad i 2009, på verdas nordlegaste veksestad. Foto: Anders Lundberg.

Dvergålegras – *Zostera noltei*

Dvergålegras er ikkje eit gras, som det norske namnet kan tyde på, men ei blomsterplante i ålegrasfamilien (*Zosteraceae*). Alle artane er fleirårige, marine planter som veks neddykka i sjøen (saltvatn eller brakkvatn). Dvergålegras er ein sørleg, varmekjær art og førekomstane i Noreg er dei nordlegaste i verda.

Biologi og økologi

Dvergålegras lever i hydrolittoralsona, dvs. fjørevekslingssona. Plantane er neddykka på normal flo og dei blir blottlagde på normal fjøre. Dei veks alltid på leirbotn eller sand- og leirbotn, aldri på grus, alltid på beskytta til middels eksponerte, langflate strender. Pollinering skjer i sjøen. Mange stader veks dei tre artane av ålegras i same området, men dei dominerer i kvar si sone. Vanleg ålegras opptre på djupare vatn, i den sublittorale sona, og er alltid neddykka, mens dvergålegras held til i den hydrolittorale sona. Smalt ålegras har sitt optimum i overgangen mellom dei to sonene, på grunt vatn lengst inne i soneringa saman med dvergålegras, lenger ute og på djupare vatn saman

med vanleg ålegras. Alle ålegrasenger, også dei med dvergålegras, er viktige for stabiliteten i grunne, marine område.

Tilstand og utbreiing


Globalt er dvergålegras utbreidd i Europa og Asia. I Europa elles fins dvergålegras langs strender i Vest-Europa, frå vestkysten av Sverige til Portugal, og er spesielt talrik i Middelhavet. Dvergålegras er også kjent frå Svartehavet og Kaspihavet.

I Noreg finn vi dvergålegras i tre område: Oslofjorden, Rogaland og Hordaland. Den er kjent frå 23 lokalitetar og av dei er 13 kjente som intakte i dag, seks er forsvunne og fire har enda ukjent status.

Dvergålegras er klassifisert som sterkt truga

(EN) på Norske raudliste for artar 2010. Det er ikkje internasjonale forpliktingar knytt til arten gjennom konvensjonar eller internasjonale avtalar Noreg har slutta seg til.

Dvergålegras er kjent frå seks freda område i Noreg. Det utgjer 1/3 av dei kjende førekomstane i landet.



Den globale utbreiinga av dvergålegras (*Zostera noltii*).
Etter Hulten & Fries (1986).

Kva truar arten?

Øydelegging av habitat

Strendene som dvergålegras veks på er over heile Europa utsette for utbygging og utfylling, forureining og andre former for menneskelig forstyrring eller påverknad. Grunne bukter blir ofte utsette for utfylling, vegbygging, hamneutbygging, mudring og andre

FAKTA

Dvergålegras står på Norsk raudliste for artar 2010 og er klassifisert som sterkt truga (EN). Det fins og to andre artar ålegras i Noreg; vanleg ålegras og smalålegras.

Iverksatte tiltak : Det er utarbeidd eit faggrunnlag for dvergålegras

Ansvar: FM Hordaland

Kontaktperson i Miljødirektoratet,
Elisabeth Rosendal

tekniske inngrep som har gjort at dvergålegras mange stader har forsvunne.

Mekanisk slitasje

Dvergålegrasplantene er ikkje spesielt robuste og rotsystemet deira blir lett rivne opp av graving, drenering, propellar, ankring og annan mekanisk slitasje.

Beiting frå knoppsvaner

Dvergålegras kan bli sterkt beita av knoppsvaner. Fenomenet er observert fleire stader, m.a. på Stord og i Hagavika i Sola.

Forureining, overgjødsling og nedslamming

Forureining og overgjødsling ser ut til å vere eit trugsmål mot førekomsten av dvergålegras i Noreg. Nedslamming synest å vere spesielt stort omkring Oslofjorden, og skuldast jordpartiklar som kjem ut i grunne vikar og sund via bekkar som renn gjennom jordbruksområde.



Beiting frå knoppsvaner er ei mogleg årsak til den kraftige tilbakegangen av dvergålegras i Mjelkevikjo og Sævarhagsvikjo på Stord. Foto: Anders Lundberg

LENKER

www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Arter-og-naturtyper/Prioriterte-arter/